



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Andreas Lussand Mordt, 55 57 23 68

Vår dato  
17.01.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/630 326.1  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **Klage - Innsyn i interne arbeidsdokument - Moglegheitsstudie Fleslandområdet : Klagar Arvid Ask**

Fylkesmannen viser til oversending av klage datert 13.01.2014, mottoken her 15.01.2014.

Saka gjeld klage over avslag på krav om innsyn i møtereferat frå møta i den faggruppa som vart etablert av Hordaland fylkeskommune for å utarbeidde ei moglegheitsstudie for lokalisering av ny regional godshamn i Fleslandområdet.

Fylkeskommunen har avslått kravet om innsyn med heimel i offentleglova § 14 første ledd, som lyder:

*«Eit organ kan gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har utarbeidd for si eiga interne saksførebuing.»*

#### Spørsmålet om dokumenta er interne

Eit første spørsmål som oppstår i denne saka er om dei aktuelle referata er utarbeidd for fylkeskommunen «si eiga interne saksførebuing».

Etter kva Fylkesmannen forstår er det fylkeskommunen som vedtok at det skulle utarbeidast ein moglegheitsstudie for Fleslandområdet. Arbeidet med å utarbeide studien er etter ei anbodskonkurranse satt bort til Asplan Viak. I tillegg er det oppretta ei faggruppe med medlemmer frå kommunar og samferdsleaktørar. Faggruppa har hatt samferdsleavdelinga hos fylkeskommunen som sekretariat.

Etter det som er opplyst i e-post av 02.12.2013 har arbeidsfordelinga vore slik at sekretariatet har sendt utkast av moglegheitsstudien til medlemmane i faggruppa i forkant av møta i faggruppa, der utkasta vart presentert og diskutert. Vi legg til grunn at det her er tale om utkast utarbeidd av Asplan Viak. Etter det opplyste inneheld vidare referata frå møta i stor grad innspel til kva endringar som måtte gjerast i dokumentet i det vidare arbeidet med moglegheitsstudien. Fylkesmannen går ut frå at referata då har vore formidla til Asplan Viak.

Asplan Viak er eit privat konsulentfirma, som etter ei anbodskonkurranse fekk oppdraget om å utarbeide moglegheitsstudien. Asplan Viak vil då som hovudregel måtte reknast som ei ekstern oppdragstakar i høve til fylkeskommunen. Dersom referata er formidla til Asplan Viak, vil som hovudregel referata tape si karakter av interne dokument. Vi viser her til Justis-

og beredskapsdepartementet sin «Rettleiar til offentleglova» pkt. 7.2.5. Fylkesmannen kan ikkje sjå at denne problemstillinga har vore drøfta av fylkeskommunen i samband med handsaminga av innsynskravet eller klagen over avslaget. Vi ber difor om at fylkeskommunen tar stilling til denne sia av saka.

#### Spørsmålet om meirinnsyn

Dersom vilkåra i offentleglova § 14 for å nekte innsyn er oppfylt, følgjer det av føresegna at fylkeskommunen «*kan*» gjere unntak frå innsyn i dokumenta. Av offentleglova § 11 følgjer det at fylkeskommunen i slike tilfelle «*likevel skal vurdere å gi heilt eller delvis innsyn*». § 11 inneheld vidare retningsliner for meirinnsynsvurderinga.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at fylkeskommunen har gjort ei slik vurdering etter § 11 i samband med handsaminga av innsynskravet eller klagen over dette. Vi ber difor om at dette vert gjort.

For at Fylkesmannen skal kunne ta stilling til klagen, er det vidare naudsynt at vi får tilsendt dei dokumenta det vert kravd innsyn i. Vi ber difor om at fylkeskommunen sender over referata frå møta i faggruppa.

Av omsyn til dei særlege krava til framdrift i saker om innsyn etter offentleglova, jf. reglane i offentleglova kapitel 4, ber vi om at arbeidet med å svare på dette brevet vert gitt prioritert og vert svart på så fort som mogleg.

Med helsing

Andreas Lussand Mordt  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Arvid Ask Fleslandsveien 252 5258 BLOMSTERDALEN